



**ALLE HJELPER TIL:** Når dei la til land i Sogndal hjelper heile gjengen til. Frå venstre: Dario Schwörer, Andri Schwörer, Laura Mosel, Mia Schwörer og Sabine Schwörer.




**YNSKTE VELKOMEN:** Sigrd Zurbuchen Heiberg og Christian Zurbuchen frå Kaupanger var to av dei som mette opp for å ynskja familien velkommen til Sogn. Her pratar dei med Dario og Sabine. I bakgrunnen ser ein vindturbinane på seglbåten.



**SJØVANTE BARN:** Mia Schwörer (8) hjelper til med å leggja til land på Dampskipskaien i Sogndal.



**VIKTIG MED SKULE:** Medan foreldra deira snakkar med velkomstmøtteen i Sogndal måtte borna ta til ått med skulearbeid. Inne i båten får Andri og Mia undervisning av Laura.



**SOVEROM:** På dette rommet inne i seglbåten bur to av borna i familien. I rommet innanfor er det eit lite bad.

# Familien har budd 20 år i seglbåt

- Seglar dei sju sjør for å informera om klima
- Vil bygga bruer og læra frå folk over heile verda

**SOGNDAL:** Saman reiser dei verda rundt fordi dei vil at folk skal bli glade i og ta vare på naturen.

– Eg har berre vorte sjesjuk tre gonger. Og då har det vore skikkelig dårleg vør.

## Vart bekymra

Det seier Dario Schwörer (50), far i familien.

På 1990-talet var han fjellguide og kona, Sabine Schwörer (43), var sjukepleiar og guide.

– Kontoret mitt var fjell og brear. Og eg byrja og verta bekymra for klimaendringar, seier Dario.

Han observerte endringar i naturen der han jobba i alpane i Sveits. Dario har utdanning innan fagfeltet klima.

– Sabine var guide for ungdom og såg at å drive med idrett ute i naturen gjer at ein blir motivert, men og glad i naturen, seier han.

I 1999 starta dei organisasjonen Top to Top.

– Målet er ikkje å gje folk skuldikjensle for klimaendringane, målet er å informera.

## Dei unge er framtida

– Me vil jobbe saman med unge menneske. Me vil inspirere og motivera dei til å handla, seier Dario.

Dei ser på det som ei investering i dagens ungdom.

– Det er dei som kjem til å bestemme i framtida. Difor er me opptekne av å inspirera dei unge.

No reiser dei verda rundt og vitjar skular.



**LEGO:** Dei to minste borna har ikkje byrja på skulen ennå. Dei leika begge med lego då journalisten vitja familien. På bildet leikar Vital med eit legofly.

– Lærarar har ein viktig jobb. Dei er med på å forma framtidens vaksne.

I tillegg til å informera unge tek familien del i klimaprojekt på kvar stoppestad.

## Stor familie

Dario og Sabine har seks born.

Salina (14) som er født i Chile, Andri (12) er født i Patagonia, Noé (10) er født i Australia, Alegra (8) er født i Singapore, Mia (4) er født i heimlandet til foreldra som er Sveits, og minstemann Vital (2) er født på Island.

– Er ungene født om bord på båten?

– Nei, me har kome oss på land før kvar fødsel, ler Dario.

Men med då ekteparet venta på ankomsten til Andri hamna dei i ei ulukke.

– Me var i Arktis då ein container krasja inn i båten. Mykje av båten vart øydelagt.

Dario og Sabine gjorde det dei kunne, og fylte sokkar med silikon som dei nytta til å tetta båten.

– Eg aldri vore så glad for å sjå land som då me nærma oss Patagonia, seier Dario.

Dei rakk å koma til land før Sabine fødte Andri. Ein lokal fiskar hjelper dei med å fiksa båten etter ulukka.

## Naturleg energi

No har båten både vindturbinar og solcellepanel, slik får familien straum.

– Ungane følgjer med på ein app for å sjå kor mykje straum me har, seier Dario.

Dei første sju åra hadde dei ikkje tilgang til nok straum til å kjøleskap om bord.

– Me lærte av folk me vart kjend med rundt om i verda, seier Dario.

– Me var i Arktis då ein container krasja inn i båten. Mykje av båten vart øydelagt.



**NI OM BORD:** Denne gjengen bur i lag på 20 kvadratmeter. Familien Schwörer har med seg to frivillige. Oppe frå venstre: Laura Mosel (frivillig og lærar), Andri Schwörer, Lea Müller (frivillig), Noé Schwörer, mor Sabine Schwörer og far Dario Schwörer. Nede frå venstre: Alegra Schwörer, Mia Schwörer og Vital Schwörer.

vara lenge.

No har familien med seg to frivillige, Laura Mosel (24) og Lea Müller (19). Dei hjelper til med ulike oppgaver, og har blant anna skule med ungene i familien.

## Betre livskvalitet

På dei 20 kvadratmeterane i seglbåten bur det no ni personar.

Eldstedottera Salina bestemte seg for å gå på skule i Sveits, og bur ikkje på båten lenger.

– Det er vanskeleg at me må sjå ho sjeldnare, men ho får bestemma kva ho vil sjølv, seier Sabine.

Salina går på internatskule, men kvar helg reiser ho heim til besteforeldra sine. Ho byter mellom å vitja foreldra til Sabine og foreldra til Dario.

På grunn av at ni personar deler på plassen kan borna berre ha ein boks med leiker kvar.

Viss dei får nye leiker i julepresangar så lyt dei gje vekk noko av det dei har ifrå før til

eit anna barn.

– «Less is more», for oss. Me er ganske sikre på at å leve på denne måten har gjeve oss betre livskvalitet, seier Dario.

## Blir i Sogn

No skal dei overvintra i Sogn.

– Denne plassen kan vera eit knutepunkt for oss no. Det er mange skular i nærleiken me kan vitja.

Dei vore innom skular i Balestrand, Gaupne og på Indre Hafslo.

– Lærarar og skular kan ta kontakt med oss viss dei vil ha besøk, seier Dario.

Den 10. oktober skal dei fortelja om prosjektet sitt på Dampskipskaien i Sogndal.

Familien har og vore i kontakt med høgskulen og planlegg å vitja masterstudentar der.

– På fritida vil me driva med klatring og sykling, og vitja Galdhøpiggen. Me er på jakt etter brukte sykklar til borna.

Som ein del av prosjektet vil familien klatra opp på dei

høgaste toppane på kvart kontinent. Til no har dei vore på Mt. Blanc, Aconcagua, Denali, Mt. Kosciuszko, Mt. Everest, Kilimanjaro og Mt. Vinson.

– Då passar det fint å inkludera den høgaste toppen i Noreg òg.

## Noreg eit førebilete

Ein av grunnane til at dei vil bli i Noreg er stund er moglegheite nordmenn har til å vera med å påverka klimaet.

– Nordmenn har ein spesiell

mentalitet. Folk er flinke til å løysa problem, dei er innovative, seier Dario.

Familien har møtt visepresidenten i Equinor i Farsund.

– Me snakka om korleis me kan nytta kunnskapane til dei som arbeider i oljebransjen. Folk i denne bransjen er ressurssterke.

– Det er ei misforståing at dei som bryr seg om klimaet hatar oljebransjen. Mange brukar dette som ein hersketeknikk for at folk skal ignorera kli-

mautfordringane, seier Sabine.

– Me vil byrja på folk og læra frå dei. Me vil bygga bruer med folk, seier Dario.

Dei meiner at Noreg kan vera eit førebilete for andre land når det kjem til å vera meir klimavennlige. Dei fortel at dei ikkje er politiske, dei er nøytrale.

– Nordmenn har god grunn til å vera stolte over landet sitt, seier Dario.

Ingvild Bakken  
ingvild@sognavis.no